



## Statens vegvesen

Bygg Prosjekt AS  
Fantoftveien 16  
5072 BERGEN

Behandlande eining:  
Region vest

Sakshandsamar/telefon:  
Sigmund Bødal / 55516146

Vår referanse:  
16/124831-4

Dykkar referanse:

Vår dato:  
13.12.2016

### Svar – Revidert søknad om dispensasjon frå byggjegrense og uttale til utvida bruk av eksisterande avkøyrsel – Gnr. 11 bnr. 53 – Sund kommune

Vi viser til tidlegare korrespondanse i saka.

Statens vegvesen har tidlegare handsama søknad om dispensasjon frå byggjegrense for oppføring av bustad på gbnr 11/53. Det vart då søkt om dispensasjon frå byggjegrensa til fylkesvegen, med tanke på oppføring av bustad 17 meter frå senterlina. Vi har ikkje fatta vedtak i saka, men gjeve tilbakemelding på at vi kan akseptere ei plassering av bustaden på tomte på 30 meter.

I brev av 23.11.16 frå Byggprosjekt as har vi fått oversendt revidert søknad om dispensasjon frå byggjegrense til Fv 555. Det vert søkt om dispensasjon for oppsetting av bustad 15 meter frå senterlina av Fv 555. Det vert vist til reguleringsplan for gang og sykkelveg for Kleppe – Klokkarvik – Laksen av 1998 med 15 meter byggjegrense.

Ved gjennomgang av ovannemnde reguleringsplan viser det seg at det ikkje er regulert inn nokon byggjegrense. Det er berre avgrensinga av reguleringsplanen som er vist. Det er soleis Veglova § 29 som bestemmer byggjegrensa på denne strekninga. Plankartet og føresegnene i denne planen er juridisk bindande. Her er byggjegrense ikkje noko tema. Planskildringa omtalar byggjegrensa og er å oppfatte som ein intensjon, men ikkje juridisk bindande.

Reguleringsplanen er vedteken i 1998 og under punkt 4.5 i planskildringa er byggjegrensene omtala : « Allment gjeld at byggjegrensa langs riksvegen er 30 meter frå senterlinja, langs fylkesveg 15 meter». Det som i planskildringa er nemnd som riksveg, var Rv 555 som i dag er Fv 555. Riksvegnettet fekk endra byggjegranser i 1996 og gjekk då frå 30 til 50 meter. Frå 2010 vart ein del Riksvegar omklassifisert til fylkesvegar, mellom anna Fv 555 i Sund. 50 meter byggjegrense vart vidareført på fylkesvegane. Med dette og Veglova §29 som

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region vest  
Askedalen 4  
6863 LEIKANGER

Telefon: 02030  
firmapost-vest@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Nygårdsgaten 112  
5008 BERGEN

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Landsdekkende regnskap  
9815 Vadsø

bakgrunn har FV 555 ei byggjegrænse på 50 meter. Det som er omtala som fylkesveg i planen er Fv 198 frå Klokkarvik til Laksen.

Reguleringsplanen har ein intensjon om ei byggjegrænse på 30 meter. Sjølv om reguleringsplanen er av eldre dato, ser vi at han på dette punktet fell saman med det Statens vegvesen har uttrykt at vi kan akseptere som byggjegrænse i denne saka, nemleg 30 meter. Vi gjer for ordens skuld merksam på Rammeplan for avkøyrslar og byggjegrænser i Region Vest, vedteken av Hordaland fylkeskommune, der Fv 555 avsett med ei byggjegrænse på 50 meter.

Vi forstår at det kan vere utfordrande å få plassert ein bustad på gbnr 11/53, som samsvarer med ei byggjegrænse på 30 meter. Omsynet til framtidig utviding av Fv 555, trafikktryggleik og gode bustadområde med tanke på mellom anna støy og støv frå biltrafikken veg likevel tungt i denne saka. Vår erfaring generelt er at det kan vere utfordrande å bu for tett opp mot fylkesvegnettet. Vi er i løpet av eit år i kontakt med mange menneske som lever tett på ulike vegsystem, der symptom som mellom anna migrene, konsentrasjons og søvnevanskar, samt luftvegsproblem gjer seg gjeldande. Dei seinare åra har Statens vegvesen gjeve nokre dispensasjonar på denne strekninga for nyetablering av bustadar med ein distanse til Fv 555 på 30 – 35 meter. Dette er også i samsvar med det denne noko tilårskomne reguleringsplanen legg til grunn som intensjon i planskildringa si. Ut i frå dei viktige trafikale omsyna vi skal ivareta blir ei byggjegrænse på 15 meter difor alt for nære Fv 555

Vi ser det som teneleg å avvente handsaming av søknad om utvida bruk av avkøyrslar, til det tidspunkt ein har funne ei plassering av bustaden som er i samsvar med våre krav.

### Vedtak

Med heimel i veglova §§ 29 og 30 vedtek vegvesenet å avslå søknad om etablering av bustad på gbnr 11/53 i ein distanse til senterlina på Fv 555 på 15 meter.

Plan og forvaltning, Bergen  
Med helsing

Kari Elster Moen  
overingeniør

Bødal Sigmund  
senioringeniør

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*

Kopi  
Sund kommune, Postboks 23, 5371 SKOGSVÅG